



Bergen Kontaktsenter  
Landsvik 50  
5917 ROSSLAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1307 - 18/19208

Saksbehandlar:  
Kristin Moe  
kristin.moe@meland.kommune.no

Dato:  
12.09.2018

## Tilknytning av bygningen til kommunal avløpsledning - GBNR 51/144 - Førehandsvarsel om ilegging av tvangsmulkt

### Saka gjeld:

Du har ikkje følgd pålegget av 30.11.2017 frå Meland kommune om å knyte bygningen på eigedommen din til kommunal avløpsledning innan 01.06.2018.

### Grunngjeving for førehandsvarsel om ilegging av tvangsmulkt:

Meland kommune har tidlegare sendt deg vedtak om pålegg av 30.11.2017 med følgjande innhald:

*«Meland kommune gjev gbnr. 51/144 pålegg om tilkopling til det kommunale avlaupsanlegget, jf. plan- og bygningslova § 27-2. Tilkopling må skje innan 1.6.2018. For grunngjeving og vurdering sjå ovanfor.»*

Vi kan ikkje sjå å ha teke mot ferdigattest som syner at avløpsanlegget er vorte knytt til den kommunale leidningen.

Med bakgrunn i nemnte forhold, varslar kommunen om at det vil bli vurdert å ilegga dykk tvangsmulkt viss eigedommen ikkje vert knytt til det kommunale avløpsanlegget slik som pålegg datert 30.11.2017 angjev, jf. plan- og bygningslova § 32-5.

### Førehandsvarsel om ilegging av tvangsmulkt:

Du blir hermed varsla om at kommunen vurderer å gje deg tvangsmulkt dersom du ikkje følgjer pålegget innan **30.04.2019**, jf. plan- og bygningslova § 32-5.

Tvangsmulкта blir fasett som eit eingongsbeløp, ei dagmulkt eller ein kombinasjon av dei. Eingongsbeløpet vil normalt vere om lag kr. 5000,-, medan dagmulкта vil vere på kr. 100,-.

Tvangsmulkt vil i så fall bli gitt i eige vedtak (brev) når tidsfristen er ute.

### Andre opplysningar:

**Postadresse**  
postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**  
www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Eit eventuelt pålegg som ikkje blir følgt innan fristen, vil kunne medføre førelegg som kan få same verknaden som ein rettskraftig dom og medføre at kommunen syter for at bygningen blir knytt til dei kommunale leidningane for di rekning, jf. plan- og bygningslova § 32-6. Du blir hermed varsla om at kommunen vil vurdere å gje eit førelegg om plikt til å følgje pålegget.

**Dine rettar:**

Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om ilegging av tvangsmulkt. Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Meland kommune oppmodar dykk om å nytte uttaleretten.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 56171000 eller du kan sende e-post til [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no).

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1307

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Kristin Moe  
juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Bergen Kontaktsenter

Landsvik 50

5917

ROSSLAND